

Drift og forvaltning - Innspel til arbeidet med kommuneplanen sin arealdel

Oss har i dag bruka noko tid på å ha internt møte på DFV når det gjeld kommuneplanen sin arealdel. Dette med tanke på å bringe inn fagpersonane våre sin kompetanse i prosjektgruppa for KPA. Følgjande oppsummering frå dialogen blir gitt:

- Det må markerast omsynssoner rundt vassverka våre (Byglandsfjord, Bygland, Åraksbø og Ose). Nokre stader vil dette overstyre eldre reguleringsplanar som ikkje har dette med.
 - Me må også sjekke ut om det er nødvendig å markere omsynssoner i fjorden der inntaksleidningane for vassverka er plassert. KØB sitt ansvar.
 - Mattilsynet er ein viktig høyringsinstans for arealplanlegginga omkring vassverksdrift.
- Tekstdelen til arealplandelen må vere konkret i høve leidningsnett for VA m v. I område for framtidige utbyggingar må det gå fram kva krav som blir stilt til VA – plan i detaljplanarbeidet til tiltakshavar.
- Kommunale vegar: Er det mogleg å definere yttergrenser til kommunalt vegareal for å forenkle vedlikehald (t d grøftereinsk og vegetasjonsrydding). Dvs ikkje definere LNF areal heilt inn i vegkanten ?
- Avløpsanlegg: Reinseanlegga på Bfjord og Bygland må markerast med omsynssone på same viset som for vassverka. I tillegg er her nokre pumpestasjonar som må markerast som offentlege anlegg i plankartet.
- Om det er mogleg, så hadde det vori veldig greitt å få markert inn soner for eksisterande leidningar i fjorden (Mogleg dette er uråd grunna omsynet til beredskap / «terrorfare» m v)
- Har Arne Vethe gitt det oversikt over viktige lokalitetar for Bleke (gyteplassar m v) ?
- Påteikning av freda areal. Det er oversikt over dei store områda, slik som Setesdal Vesthei, men her er etter kvart også kome fleire og større barskogfredningar. Statsforvaltaren kan / bør hjelpe med data for å kunne markere desse i plankartet.
- Eit anna tema er å evt handtere kategorien utvalde naturtypar i arealplankartet. Kan det vere aktuelt, eller blir det for detaljert ?
- Den nye arealdelen må vere tydeleg på korleis BK forhold seg til eksisterande og framtidige masseuttak. I eksisterande plan, så er dette litt ullent, og masseuttak til no har med eit heiderleg unntak blitt handtert som dispensasjon frå plankrav. Det ligg inne mange framtidige uttak i gjeldande arealdel utan at det er laga reguleringsplanar for dei. Seriøse aktørar byrjar å ha som politikk at dei bare kan kjøpe massar / grus frå masseuttak regulert til føremålet. Statens Vegvesen har klar filosofi på dette. Bygland kommune er den kommunen i Agder som har størst potensiale når det gjeld grus og stein jf kartleggingar frå NGU. Uttak av massar over 10 000 kubikk krev godkjenning av driftsplan frå Bergmesteren. Dette er nok litt ukjent for mange av oss.
- Kva er Bygland kommune sitt framtidige behov for offentleg nærings – og industriareal ? Utvide Nesmonen ? Næringsareal i andre delar av kommunen ? Plassering av dette + masseuttak bør sjåast i eit transport – og miljøperspektiv (ikkje for langt frå «alfarveg»).

- Bufferområde for handtering av overflatevatn / fordrøyingsareal ved flaumtoppar. Bjørnåni er trekt fram som ein farefaktor i flaumsamanheng. Same gjeld opphoping av elvemassar utforbi Shellstasjonen på Bygland. Markere moglegheiter for å fjerne sandbanken like utom brua til Rv 9 ?
- Hyttebygging bør ikkje skje spreidd og langt frå veg i eit klima – og miljøperspektiv.
- Moglegheiter for utsiktsrydding (vegetasjon) utan å kome i konflikt med t d lover som krev ivaretaking av kantsoner mot vatn og vassdrag.
- Viktige kulturlandskap (KULA ?)
- Heieplanen må definerast i plankartet
- Markere framtidige energiforsyningsanlegg. Ein tenkjer her på å vidareføre dagens kommuneplan sine område for vassdrag som kan nyttast til småkraftverk. Evt få med fleire «bekkar» som har potensialet. Andre område som kan vere aktuelle til produksjon av alternativ energi. T d solcellepanel.
- Vidareføre markeringa i dagens plankart med framtidig veg over til Åseral ?
- Føreslå / markere framtidig vegtrase over til Tovdal
- Beredskap: Mogleg me bør vidareføre dagens restriksjonar for nedslagsfeltet til drikkevasskjelda på heia i Grendi (Tjønnsøyvatnet) ? Etter omlegging for nokre år sidan får Grendi drikkevatnet frå Bfjord gjennom sjøkabel. Ved evt forureining av drikkevasskjelda (Byglandsfjorden), så vil det vere mogleg å med enkle grep kunne levere drikkevatn til abonentane i Grendi og Bfjord frå tidlegare vasskjelde. Mogleg dette er litt overkill, men det er nå fundert på. Kor stor er sjansen for at Byglandsfjorden blir forureina slik at det går ut over drikkevasskvaliteten ?
- Kommunen må ha med seg Kap 15 i plan – og bygningsloven om «Innløysing og erstatning». Sjå link: [§ 15-1. Grunneierens rett til å kreve innløsning ved kommuneplanens arealdel - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no)
- Utbyggingsavtalar: Dette kan vere aktuelt når arealplanar skal gjennomførast. Behovet for dette kan vise seg i arbeidet med kommuneplanen. T d er det aktuelt i høve området rundt Landeskogen ? «spleiselag for at kommunen byggjer infrastruktur for avløp og veg ? Andre aktørar å samarbeide med ?
- Kommunen har to infiltrasjonsanlegg for avløp. Eit i Åraksbø og eit på Austad, nedforbi Ose Water. Desse områda må også markerast som område for offentleg verksemd. Fargekode kjem seinare.